

## Voss herad

Postboks 145

5701 Voss

Telefon: 56 51 94 00

E-post: postmottak@voss.herad.no

Hjemmeside: http://www.voss.herad.no

## Eiendomsskatt - klage

Eiendommen			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.
351	1	6	0
Adresse		Postnr.	Poststed
Vasstrondvegen 61		5713	Vossestrand

Klager		
Fornavn og ev. mellomnavn		Etternavn
Lars		Sætre
Adresse		Postnr.
Birkebeinergaten 1		5003
		Poststed
		Bergen
Mobilnr.	E-postadresse	
95823232	lars.sætre@uib.no	

Klagen
Klagen gjelder
Klage ved takst på fritidseigedom 351/1/6/0 i Voss Herad
Begrunnelse for klagen
<p>Eg fekk fin orientering og svar på spørsmåla eg hadde om takseringa og eigedomsskatten, i ein samtale med økonomisjef Aalvik i Tinghuset den 9/4-21. Dette er eg svært takksam for.</p> <p>Eg orienterte om og dokumenterte overfor Aalvik (e-postar og notat frå tel.samtalar frå den aktuelle perioden 23/6 til 5/11-20) korleis Jeessaa A/S ikkje etterlevde avtalen som firmaet tidleg inngjekk med meg om at eg skulle få vera til stades under takseringa, slik eg hadde rett til. Eg fekk til slutt heller ikkje svar på om firmaet reelt hadde vore på eigedommen og taksert eller ei. Alt dette, trass i at eg følgde retningslinjene, heile vegen synte største samarbeidsvilje, og delte informasjon med firmaet.</p> <p>Grunnen til at eg ville vera til stades, er at vi to eigarane (Lars og Ola Sætre) ope ville visa fram heile fritidseigedommen utvendes og innvendes (ikkje minst kjellaren), og orientera om hytta og omgjevnadane. Eg ønskte òg å medverka til å sikra at hytta (bygt 1941; påbygt og modernisert 1984) vart skattegrunnlags-taksert ut frå eigedommens og omgjevnadane sine dagsaktuelle realitetar. (Hytta vår stod på høgste skattegrunnlagsnivå i førre periode/under det førre systemet.) Med takseringa no, for 10 år fram i tid, er det òg viktig at det “på vår vakt” ikkje vert lagt inn urimelege skattegrunnlags-parameter, med tanke på neste eigargenerasjon. – Denne synfaringssamtalen og framvisinga på staden vart altså likevel ikkje mogleg fordi Jeessaa ikkje etterlevde avtalen vår, trass i fleksibiliteten og samarbeidet eg synte overfor firmaet.</p> <p>Med bakgrunn i ovanstående, har klagen min to grunngevingar: det eg meiner er ein feil i avgiftsareal, og ein mogleg feil blant vurderingsfaktorane (i skjemaet “Detaljert grunnlag – Takst og skatt”):</p> <p>(1) Kjellar: Her er det sett opp 25 m<sup>2</sup>, som gir eit teljande avgiftsareal på 5 m<sup>2</sup>, og som eg vennleg ber om vert fjerna. Kjellaren er ein uinnreidd råkjellar med ubehandla golv av råbetong og veggjar av ubehandla Leca-blokker. Den har ikkje tilgang frå hovudetasjen med trapp eller anna, kun gjennom ei enkel eiga inn/ut-kjellardør under</p>

verandaen for enden av bygninga. Kjellaren er ikkje del av bu-arealet, og vert brukt til å lagra trillebår, stigar, hagereiskapar og denslags, og i eit hjørne oppbevarer vi turr bjørkeved i den. Ein av grunnane til at eg ønskte å vera med på Jeessaa si taksering, var nettopp å visa fram kjellaren, kva den er og består i, og slik ville Jeessaa hatt grunnlag for å kunna sjå bort frå kjellaren som areal-teljande i det heile. Det fekk altså eg ikkje høve til.

(2) Blant vurderingsfaktorane: Eg er ikkje viss på kva for ein av faktorane “sone” eller “ytre vurdering” dette vil kunna gjelda, men eigedommen er sidan førre taksering blitt berørt av etter mitt syn to vesentlege avgifts-innverkande tilhøve. – Det eine er at den no er blitt direkte berørt av den nye 132kV-kraftlinja frå Kjønngard til Myrkdalen. Hytta vår er nærmaste og langs linja første råka nabo av Voss Energi sin koplingsstasjon på Kjønngard. Den nye linja berører eigedommen direkte ved at den går rett over det sør-austre hjørnet av tomta, vidare ved at det er komme ein gruslagd riggplass som nærmaste nabo mot sør (tidlegare utmark), og ved at utsynet mot sør (Langedalen) har fått tillegg av nye master og leidningar. Frå før hadde vi, og har vi framleis, den gamle 132kV-innlinja med master og leidningar gjennom Langedalen til VE-stasjonen på Kjønngard, som del av utsynet mot sør; denne linja berører ikkje eigedommen direkte idet den går 50-75 m utanfor tomta. Mao. to parallelle 132kV-linjer med master og leidningar i siktlinja vår mot sør (Langedalen). – Det andre tilhøvet er at dersom det utgreidde alternativet for ny E16 på sørsida av Oppheimsvatnet vert valt, vil tunnel-munninga (frå vest) komma rett under garden Ødegård (351/1, garden der eigedommen vår ligg), vidare vil vegen derifrå i dagen skjera rett over jordet mellom vår eigedom og Vasstrondvegen (om lag 25 m frå nordvestre hyttehjørna vårt ifl. Vegvesenets kartutsnitt), og slik øydeleggja gardsvegen som er tilkomsten vår frå Vasstrondvegen og opp til hytta. Ei slik E16-løysing vil skapa massiv trafikk, støy og forureining for bl.a. vår eigedom, i tillegg til tilkomstproblemet.

Begge desse tilhøva – der det eine alt er eit faktum, og det andre vil kunna verta det i takst-perioden – har etter mitt syn verdi-forringande konsekvensar for eigedommen. (Vi har for øvrig avgitt detaljerte høyringsfråsegner om ulempene med både siste kraftlinja og nytt E16-alternativ til hhv. NVE og Vegvesenet.) Eg ber dykk difor vennleg om å redusera tilsvarande den aktuelle faktoren som desse tilhøva spelar inn på. Igjen, hadde eg fått vera med på takserings-synfaringa, ville eg ha kunna framvist og vist til desse tilhøva, noko eg altså ikkje fekk.

Beste helsing,  
– Lars Sætre

#### Dokumentasjon

Last opp dokumentasjon	Beskriv	Ettersendes per post <input type="checkbox"/> Ettersendes per post
------------------------	---------	---